



INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Postboks 4404 Bedriftssenteret

2325 HAMAR

Vår ref
2025/1466-2

Dykkar ref

Saksbehandlar
Edel Kveen

Dato
29.08.2025

**PS 2025/44 Høyringsuttale fireårig tilbudsstruktur i Innlandet skuleåra 2026/27-2030/31
Kommunestyret si behandling av sak 44/2025 i møte den 28.08.2025.**

Vedtak:

1. Kommunestyret i Skjåk er positive til at det blir vedteke ein føreseieleg modell for tilbudsstrukturen i fylket, men kommunestyret er kritiske til at den 4-årige modellen blir vedteken før vedtaka i sak 93/2024 om den framtidige skule- og tilbudsstrukturen er fylgt opp og utgreia.
2. Kommunestyret i Skjåk oppmodar om at det blir gjort ei solid utgreiing av dei alternative modellane der næringslivet i Skjåk og Nord-Gudbrandsdalen blir nytta aktivt i utgreiingsarbeidet.
3. Kommunestyret i Skjåk er sterkt kritiske til at det offentlege skuletilbodet for vidaregåande opplæring i Nord-Gudbrandsdal har fått eit markant dårlegare tilbod i den nye skule- og tilbudsstrukturen.
4. Kommunestyret i Skjåk forventar at individuell tilrettelegging skal greiast ut på ein føreseieleg og tydeleg måte for dei elevane som søker på særskilte vilkår slik at rettmessig undervisning blir sikra. Dette gjeld spesielt for elevar med lang avstand til næraste offentlege vidaregåande skule.
5. Kommunestyret i Skjåk oppmodar om at VG2 Matproduksjon blir satt i gang på Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule frå hausten 2026, og at det blir gjennomført ei rekrutteringskampanje for dette tilbodet både i Nord- og Midt- Gudbrandsdalen da næringslivet har stort behov for denne kompetansen.
6. Kommunestyret i Skjåk forventar at Innlandet fylkeskommune anbefaler godkjenning av Jotunheimen vidaregåande skule som privatskule. Dette for å sikre ein nærskule i vår del av regionen med ein stabil tilbudsstruktur for elevane frå Skjåk, og ei breiare tilbodsvifte for heile regionen.
7. Høyringsuttalen vert sendt Innlandet fylkeskommune som Skjåk kommune si offisielle fråsegn til høyringa om tilbudsstrukturen for vidaregåande opplæring i Innlandet 2026/2027– 2030/2031.

Postadresse:
Skjåk Kommune

2690 SKJÅK

Besøksadresse:
Moavegen 30

Heimeside: www.skjaak.kommune.no

E-post: post@skjaak.kommune.no

Telefon: 612 17000

Bankkonto:
2085.07.40004

Org.nr:

Med helsing

Edel Kveen
Ordfører

Dokumentet er elektronisk og sendt utan signatur.